



Heimesida

Dykkar ref.: Vår ref.: 17/150-7 Arkivkode: K1 - 040 Dato: 21.06.2018

Fråsegn om personvern for Granvin herad

Granvin herad har som mål at trygging av informasjon og personvern skal vere ein naturleg del av verksemda.

For å kunne utøve mynde og tilby deg gode tenester, må me ofte handsama opplysningar om deg elektronisk, eller i eit register. Denne erklæringa omtalar mellom anna korleis me handsamar dine personopplysningar, kva som er føremålet og kva rettar du har.

Grunnprinsipp

Me har fleire grunnleggjande prinsipp for korleis me skal handtera dine personopplysningar:

- Lovleg, rettvist, korrekt og med openheit
- Konfidensielt, verna mot utilsikta endring og vera tilgjengeleg
- Vera samla inn til særskilde føremål og ikkje verte brukt på ein måte som er i strid med dette
- Berre verte nytta for det konkrete føremålet, og ikkje vera lagra lenger enn det som er naudsynt eller pålagd
- Vera oppdaterte

Det vert elles synt til [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 5

Føremål

Føremål med handsaminga er å tilby deg [offentlege tenester eller å utføre lovpålagde oppgåver](#).

Kva som er grunnlaget for at me kan handsama dine personopplysningar

For at me skal kunne handsama opplysningar om deg må me ha eit rettsleg grunnlag. Døme kan vera at du har gjeve oss samtykke til å handtera dine personopplysningar, eller at me skal fylgje opp ein avtale med deg. Det kan også vera naudsynt for at me skal oppfylle ei rettsleg forplikting eller utøve offentleg mynde.

Dersom handsaminga er basert på samtykke, har du rett til å trekke det tilbake når som helst. Du kan i visse tilfelle protestere mot handsaminga.

Nokre gonger er det eit lov- eller avtalefesta krav om at du må gje personopplysningar.

Syner elles til [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 6-11 og 21.



Innsyn

Som hovudregel har du rett til innsyn i dei opplysningane me handsamer om deg. Du har òg krav på å få informasjon om handsaminga.

For å få innsyn må du kontakta eininga der handsaminga vert utført. Du kan be om å få ein kopi av dei opplysningane som er registrerte.

Les meir i [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 12 og 15.

Rett til å få endra urette personopplysningar

Dersom våre opplysningar om deg ikkje er rette, kan du få endra dei. Det gjeld og dersom me ikkje har fullstendige opplysningar om deg.

Framgangsmåten er lik som for innsyn.

Rett til avgrensa handsaming

I visse tilfelle kan du og krevje at handsaminga av personopplysningane dine vert avgrensa, til dømes dersom du meiner at personopplysningane dine ikkje er rette, og det vil ta tid å vurdere dette.

Ta då kontakt med eininga.

Sjå meir i [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 12 og 18.

Dataportabilitet

For enkelte handsamingar kan du ha rett til såkalla dataportabilitet. Det vil seie at du kan krevje å få overført dine personopplysningar frå oss til nokre andre. Denne retten har likevel fleire unntak. Retten gjeld blant anna dersom me handsamar personopplysningane dine for å utføre ei oppgåve i ålmenta si interesse, eller me utøver offentleg mynde.

Reglar om dette finst i [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 12 og 20.

Rett til å få sletta personopplysningar

Du kan ha rett til å få sletta opplysningar om deg sjølv. Denne retten har unntak, den gjeld til dømes ikkje for opplysningar som er arkivpliktige, eller er naudsynte for å kunne krevje eller forsvare rettskrav.

Det vert vidare synt til [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 12 og 17, og arkivregelverket.

Kven deler me dine personopplysningar med?

Personopplysningane dine kan verte gjevne til andre i enkelte høve. Dette kan vera samarbeidsorgan (t.d. NAV eller Husbanken), eller andre som me har plikt til å informere.

Det kan til dømes vere ein driftsleverandør eller andre som må utføre oppgåver og har tilgang til dine opplysningar.

Granvin herad vil i slike tilfelle alltid sikre seg om at utvekslinga er basert på lovleg grunnlag, at teieplikta vert overhalde og at eventuelle naudsynte avtalar vert inngått.

Opplysningane kan i dette høve også verte overført til land utanfor Europa.

Innebygd personvern og personvern som standardinnstilling

Me vil sjå til at dine personopplysningar er godt teknisk sikra. Me til ta omsyn til den risikoen som handsaminga kan ha for deg. I tillegg vil me gjennomføre andre tiltak for å nå dei grunnprinsippa nemnt i innleiinga. Dersom noko går gale, vil me ha beredskapsplan for det.

Pliktene nemnt over kjem fram av [personopplysningslova](#) og [personvernforordninga](#) artikkel 24 og 25.

Informasjonskapslar

Nettsidene våre nyttar informasjonskapslar for å tilby deg tilpassa nett-tenester og gje deg ei god brukaroppleving. Ein informasjonskapsel er ei lita tekstfil som vert lagra på maskina di.

Personvernombod

Granvin herad kjøper [personvernombods-tenesta](#) frå Bergen kommune. Ombodet skal bidra til at me føl krava i regelverket, samt vera bindeledd mellom deg og kommunen dersom du treng hjelp i høve dine rettar.

Du kan kontakte personvernombodet på telefon 55569696 eller e-post personvernombud@bergen.kommune.no

Klage til Datatilsynet

Du kan klage til Datatilsynet dersom du ikkje er nøgd med korleis me handsamar personopplysningane dine, eller du meiner handsaminga er i strid med personvernreglane. Informasjon om korleis du går fram finn du på [nettsidene](#) til Datatilsynet.

Kontaktopplysningar

Granvin herad er handsamingsansvarleg og kan kontaktast slik:

e-post: Postmottak@granvin.kommune.no

Telefon: 56524000

Postadresse: Pb 13, 5733 Granvin

Kommunen sine saksdokument er som hovudregel offentlege. Send difor ikkje e-post til kommunen med informasjon du ikkje ynskjer skal verte allmenn kjend.

Kommunen er etter [arkivlova](#) forplikta til å føre offentleg journal. I journalen skal all korrespondanse til og frå kommunen førast opp. Nokre journalar vert publiserte på internett. [Les meir om det her.](#)

Dette er eit kortfatta personvernfråsegn med hovudreglar. Dersom det er motstrid mellom denne og personlovgjevnaden/anna regelverk, har sistnemnde førerrett.

Med helsing

Mari Mæland
Arkivleiar
Telefonnummer: 41315839